

Invitasjon til deltaking i utprøving og evaluering av tiltaket «*Stopp seksuell trakassering*»



Kjære rektor

Me vil gjerne invitere dykk til å prøve ut tiltaket «*Stopp seksuell trakassering*». Skulen er gjennom Aktivitetsplikta i Opplæringslova pålagt å verne elevane mot trakassering, men sidan seksuell og kjønnsrelatert trakassering gjerne er skjult for lærarane, kan ho vere vanskeleg både å oppdage og å handtere. Samstundes er det elevar som opplever at seksuell og kjønnsrelatert trakassering er så «normalt» blant ungdommar at dei trur dei berre må tåle det. For å bistå ungdomsskular til kompetanseheving på førebygging, avdekking og handtering av denne type trakassering har me utarbeida tiltaket «*Stopp seksuell trakassering*».

«*Stopp seksuell trakassering*» som kompetanseutvikling og satsningsområde

«*Stopp seksuell trakassering*» vil kunne dekke konkrete mål i LK20 og kan sjåast som eit bidrag til kompetanseheving for lærarar i samband med fagfornyinga.

Til dømes har det tverrfaglige temaet Folkehelse og livsmestring emne knytt til undervisning om seksualitet og kjønn, sjølvbilete, identitet og grensesetting. Den digitale opplæringa kan gjerne skje i skulen si felles utviklingstid og kan inngå i planen skulen har for kompetanseutvikling i samanheng med endringane i forskriftera til Opplæringslova

Deltaking i evaluering av «*Stopp seksuell trakassering*»

Samstundes som de prøver ut tiltaket «*Stopp seksuell trakassering*» er de med i eit forskingsprosjekt der

SEKSUELL TRAKASSERING: Det er seksuell trakassering når ein elev gjev ein annan elev seksuell merksemad ved å seie, skrive eller gjere noko mot ein annan elev som er meint å vere krenkande eller dersom den ønskede merksemada kjennast dårlig for eleven.

KJØNNSRELATERT TRAKASSERING: Det er kjønnsrelatert trakassering når ein elev utsett ein annan elev for negativ åtferd på grunn av eleven sitt kjønn, kjønnsuttrykk eller seksuelle orientering.

målsettinga er å teste ut om tiltaket fører til mindre seksuell og kjønnsrelatert trakassering blant elevar i ungdomsskulen.

Kva inneberer det å delta i denne studien?

Ved å delta i studien vil lærarane få digital opplæring i tiltaket «*Stopp seksuell trakassering*». Dette skjer anten i august 2021 eller august 2022, og vil ta cirka sju timer å gjennomføre.

Evalueringsstudien vil omfatte 30 til 40 ungdomsskular. Halvparten av skulane vil bli valt ut tilfeldig til å vere intervensjonsskular kor «*Stopp seksuell trakassering*» gjennomførast hausten 2021. Den andre halvparten vil vere kontrollsksular og vil då kunne gjennomføre tiltaket hausten 2022. Kva skule som deltek i intervensjonsgruppa og kontrollgruppa vil bli tilfeldig ut frå loddtrekning, og skulane vil få informasjon om kva gruppe dei tilhørar i mai 2021. Me anbefaler at alle lærarane deltek i den digitale opplæringa. Når den digitale opplæringa er gjennomført, vil kontaktlærarane på intervensjonsskulane gjennomføre åtte leksjonar i åtte klassetimar i løpet av august, september og oktober 2021. Kvar leksjon inneheld ein kort film, ei elevøving, fagleg bakgrunnsmateriale til lærarane samt instruksjonar for korleis utføre elevøvinga. Elevane og lærarane svarer på eit spørjeskjema i forkant av undervisningsopplegget (våren 2021), rett etter (november 2021) og ca eit halvt år etter undervisningsopplegget er avslutta (april/mai 2022). Elevane og lærarane på skulane som deltek i kontrollgruppa, svarer på spørjeskjema sjølv om dei endå ikkje har byrja med undervisningsopplegget.

Kven står bak

Tiltaket er laga av forskrarar og pedagogar ved Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU Vest). Norwegian Research Centre (NORCE) er prosjektansvarleg institusjon og Stiftelsen Damm har finansiert forskingsprosjektet gjennom Rådet for Psykisk Helse. Det vil vere gratis for skulane å delta. Ta gjerne kontakt med prosjektleiar Hilde Slåtten (hisl@norceresearch.no eller 56107278) dersom de har nokre spørsmål.

Mvh Hilde Slåtten (Ph.D) ved Regionalt Kunnskapssenter for Barn og Unge (RKBU- Vest), Norce Research